
Fra: Internkommunalt arkiv i Hordaland <noreply-96808767@mail.survey-xact.no>
Sendt: 21. april 2015 12:06
Til: Postmottak Meland
Emne: Påminnelse: Kartlegging av elektroniske i kommunane

Påminnelse: Kartlegging av elektroniske i kommunane

Interkommunalt arkiv i Hordaland held på å kartlegge digitalt skapt materiale i våre eigarkommunar og har laga ei spørjeundersøking som vi ber om at kommunen svarar på innan **30. april**. Vi anbefaler at undersøkinga blir svara på av arkivleiar saman med IT-tenesta i kommunen.

Kartlegginga vil legge grunnlaget for IKA Hordaland sitt vidare arbeid med elektroniske arkiv. Den endelege rapporten skal gje ein oversikt over aktive og avslutta system i kommunane, og system avlevert til depot. Den skal også innehalde ei overordna vurdering av kva for elektroniske system som bør prioriterast i forhold til avlevering.

Vi ønsker informasjon om kva **for sak/arkivsystem basert på NOARK-standarden** som har vært i bruk i kommunen og kva for system som er i bruk i dag. Vi ønsker også informasjon om kva for **fagsystem knytt til kommunens fagspesifikke fagoppgåver** som er i bruk i dag og som har vore i bruk tidlegare.

Vi er hovudsakleg interessert i å få inn informasjon om system som er drifta av kommunen og der kommunen er ansvarleg for bevaring, men de kan godt rapportere kva for statlege system som er i bruk og eventuelle påloggingsløysingar drifta av andre.

Undersøkinga tar utgangspunkt i funksjonskategoriene i SAMDOK-prosjektet til Riksarkivet og vi anslår at den enkelte kommune har minst eitt system innafor dei ulike fagområda. Statlege system kan rapporterast i kategorien «*sentrale system*».

- Sosialteneste
- Bygg – oppmåling – eigedom
- Teknisk drift og anlegg
- Økonomi
- Skule
- Helseteneste
- Arkivteneste – sak/arkiv
- Intern administrasjon – under dette personal
- Barnevern
- Kyrkje
- Barnehage
- Pleie og omsorg
- Flyktningeteneste
- Sentrale system
- Naturforvaltning
- Val og valadministrasjon
- Kultur og idrett

Undersøkinga har følgjande felt innafor kvar funksjonskategori:

- **Systemnamn**
- **Avdeling:** Kva for avdeling/arkivskapar bruker systemet
- **Startår:** Når vart systemet først tatt i bruk
- **Sluttår:** Når vart systemet tatt ut av bruk
- **Status?:** Er systemet i aktivt eller avslutta i kommunen i dag?
- **Merknader:** Merknadsfeltet kan brukast til å legge inn eventuelle relevante tilleggsopplysningar om systema. Her vil vi gjerne ha informasjon om:
 - Versjon av systemet
 - Om systemet er tapt
 - Om systemet er statleg eller at det er drifta av nokon andre enn kommunen.
 - Andre relevante opplysningar

Klikk på lenken for å starte:

<https://www.survey-xact.no/answer?key=PCAFTTVGV5T2>

Vi kjem til å ta kontakt med den enkelte kommune i svarperioden. Ta kontakt med oss dersom de har spørsmål eller noko er uklårt.

Eirik Netteland eirik.netteland@ikah.no 55 30 60 98

Øyvind W: Olsen oyvind.olsen@ikah.no 55 30 60 92